



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Ørsta kommune

Tilsynsdato: 23.10.2013

Rapportdato: 02.01.2014

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	4
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	20.08.2013 (formøte) 23.10.2013 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Dalevegen 6, 6153 Ørsta
<b>Kommunennummer:</b>	1520
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Agnar Jetmundsen
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Ketil Matvik Foldal (tilsynsleiar) Lars Sørgaard Aksdal
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Ketil Matvik Foldal
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Ketil Matvik Foldal (fylkesberedskapssjef)
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	04.11.2013
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	02.01.2014
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	28.02.2014

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Ørsta kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Om gjennomføringa seier embetsoppdraget at:

”Tilsynet skal planlegges og gjennomføres i samsvar med DSBs tilsynsveileder. Fylkesmannen skal ha en årlig rullerende tilsynsplan som over en fireårsperiode innebærer minst ett tilsyn i alle kommuner..”

### 1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i februar 2013 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2013.

### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse for Ørsta kommune	29.05.2012
2.	Invitasjon til deltaking i ROS-analyse i kommunen	19.03.2012
3.	Forankring i kommunestyre gjennom referatsak og orientering	29.12.2012
4.	Kommuneplanens samfunnsdel med kommunal planstrategi	14.03.2013
5.	Vedtak i kommunestyret om Åknes/Tafjord Beredskap IKS	08.04.2013
6.	Møtereferat frå kriseleiinga sine møte i jula 2012 om DAGMAR	26.12.2011
7.	Kriseplan Ørsta kommune	Juni 2013
8.	Delplan for seksjon skule	April 2013
9.	Informasjonsplan for krisesituasjon i Ørsta kommune	29. juni 2009
10.	Delplan for landbruk	April 2013
11.	Delplan for akutt forureining med ROS analyse	12.01.2012
12.	Beredskapsplan for Barnas Vel Barnehage	28.08.2013
13.	Tilsynsrapport for Ørsta brann og redning frå DSB	18.09.2012
14.	Leiaravtale for rådmann Wenche Solheim. Med organisasjonskart	04.06.2013
15.	Tilsynsrapport frå Mattilsynet Ørsta vassverk	03.12.2012
16.	ROS analyse IKT	07.10.2013
17.	Delegasjonsreglement	07.10.2013
18.	Leiaravtale frå rådmannen til seksjonsleiarar (døme)	30.04.2012
19.	Rapport frå NGI om flodbølgje etter skred frå Åknes	15.11.2011
20.	Plan for førebyggjande arbeid brann, dokumentasjon brannøving	21.08.2013
21.	Diverse skjema/skriv beredskap	Ikkje datomerka
22.	Områdeplan Hovden næringsområde, døme på ROS arbeid i planen	13.03.2013
23A	Plan for helsemessig og sosial beredskap	September 2013
23B	Pandemiplan	24.06.2009
23C	Smittevernplan	28.01.2004
23D	Infeksjonskontrollprogram	01.01.2006
24.	Diverse om Vikemarka skule	Januar 2013
25.	Lokal beredskapsplan for NAV Ørsta	20.12.2012
26.	ROS analyse for Ørsta vassverk – sentrum	Pågåande haust 2013
27.	Øvingsplan for beredskap/krisehandtering i Ørsta kommune 2014	Ikkje datomerka

## 1.5 Gjennomføring

Formøte for Ørsta og Volda kommunar vart gjennomført i Volda 20.08.2013. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 23.10.2013. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Rune Hovde	Ordførar		X	X	X
Wenche Solheim	Rådmann		X	X	X
Agnar Jetmundsen	Beredskapskoordinator	X	X	X	X
Einar Ytre-Hauge	Brannsjef	X	X	X	X
Einar Muren	Einingsleiar skule		X	X	X
Eldar Rune Øye	Stabsleiar		X		X
Svein Silseth	Seksjonsleiar tekniske tenester		X		X
Ulf Rognstad	Nestleiar tekniske tenester		X		X
Knut Åmås	Seksjonsleiar helse og velferd		X		X
Kristin Mork	Leiar servicekontoret		X		X
Oddvar Marøy	Seksjonsleiar heimetenester		X		X
Arnstein Nupen	Beredskapssekretariatet		X		X
Liv Bente Viddal	Seksjonsleiar kultur og næring		X		X
Reidun Mo	Seksjonsleiar barnehage		X		
Kristin Vik	Seksjonsleiar bu og habilitering		X		
Irene Graskopf	Seksjonsleiar eigedom		X		
Idun Hofset	Personalsjef				X
Guttorm Hagen	Lensmann				X
Ketil Matvik Foldal	Fylkesberedskapssjef	X	X	X	X
Odd Morten Taagvold	Rådgevar	X			
Lars Sørgaard Aksdal	Rådgevar		X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Både dokumentgjennomgangen og tilsynsbesøket viste at Ørsta kommune er medviten om oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap. Alle vesentlege element innanfor kommunal beredskapsplikt er på plass og den kommunale beredskapen framstår som solid, godt øvd og mange gonger prøvd.

Dei avdekte avvika gjeld detaljar, og lukking av avvika føreset mindre justeringar innanfor kommunen sine etablerte system.

Kommunen sitt forbetningspotensial ligg i å etablere ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar, ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Ein slik overbygning bør også kunne legge til rette for eit meir levande system for årlege aktivitetar i beredskapsorganisasjonen: Aktivitetsplanlegging, gjennomføring av møte i kriseleiing og beredskapsråd, planvedlikehald, øvingar mv. Det ligg også potensial i å justere ein del av dokumenta og rutinane slik at dei endå tydelegare kan relaterast til aktuelle forskriftskrav og føringar.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte 3 avvik. 3 forhold er kommenterte som merknader.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Ørsta kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse omfattar ikkje vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, tredje ledd, litra f

##### *Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt listar i § 2 opp ei rekkje minimumskrav til kva ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse skal innehalde. Ei vurdering av behovet for befolkningsvarsling og evakuering er blant desse. Ørsta kommune sin analyse manglar dette, men oppfyller alle andre minimumskrav.

##### **Avvik nr. 2**

Ørsta kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje forskriftskravet om å samordne og integrere anna beredskapsplanverk i kommunen.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, første ledd, andre punktum.

##### *Utdjupande kommentar:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt fastset i § 4 ei rekkje minimumskrav til beredskapsplanen sitt innhald og planen sin funksjon.

Ørsta kommune sin beredskapsplan (Plan for kriseleiinga) er per no det øvste strategiske og operative beredskapsplanverket i kommunen. Verken denne planen eller andre dokument som er knytte til planen gir tilfredsstillande oversikt over det samla beredskapsplanverket i kommunen. Ørsta kommune sin beredskapsplan oppfyller alle andre minimumskrav.

##### **Avvik nr. 3**

Ørsta kommune kan ikkje dokumentere skriftleg at krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt er oppfylte.

##### *Regelverkstilvising:*

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 9.

##### *Utdjupande kommentar:*

Dei langt fleste forskriftskrava er oppfylte, og dette byggjer sjølvst på at det føreligg skriftleg dokumentasjon av ulike typar. Kommunen har likevel ikkje dokumentasjon på *alle* forskriftskrav er oppfylte – verken enkeltvis eller i ei samla framstilling.

Kravet i forskrift om kommunal beredskapsplikt må elles sjåast i samanheng med kommunelova § 23 nr. 2 som pålegg administrasjonssjefen eit generelt internkontrollansvar. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen vert driven i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar, og at den er gjenstand for tilfredsstillande kontroll.

### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1**

Kommunen bør vurdere utarbeiding av ein plan eller anna styringsdokument som kan fungere som ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Fleire av dei konkrete avvika som er avdekte i tilsynet gjeld forhold som kan ivaretaast gjennom ei slik overbygning. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbedringspotensial – for eksempel:

- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar
- tydelegare rutinar for planrevisjon og plansamordning
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleinga og beredskapsrådet

Eller heilt generelt: Tydelege rutinar for korleis Ørsta kommune sin beredskapsorganisasjon skal drivast og vedlikehaldast.

#### **Merknad nr. 2**

Kommunen bør vurdere ein gjennomgåande revisjon av heile beredskapsplanverket. Potensialet for forenkling er truleg større enn behovet for nybrottsarbeid. Kommunen bør i denne samanhengen vurdere om heile planverket – plan for kriseleing og del-/seksjonsplanar bør løftast over på CIM.

#### **Merknad nr. 3**

Kommunen bør vurdere å tydeleggjere systemet for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7, andre ledd. Fylkesmannen har inntrykk av at dette arbeidet blir følgd godt opp, men i noverande planverk er systemet/dei interne retningslinjene lite synlege.



#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Ketil Matvik Foldal, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no), 71258483 / 41693480.